

Korleis Kaffistova vart til.

Av sokneprest Harald Devold.

Oppvaksen i vestlandspietisma vart og vekkt då eg gjekk i gymnaset. Då vart det meg til sjelenaud korleis hopehavet skulle vera mellom «det åndelege liv i Gud» og «det humane åndsliv» skulen førde inn i. Spurde eg Bedehuset, sa dei, at me trong «nyttige kunnskaper», som skulen gav oss. Men det var då ikkje berre «nyttige kunnskaper», det var eit åndsliv, som tok hug og kjensle og fantasi og vekkte mangslags tankar om dette livet vårt på ymis vis. Spurde eg skulen, så var dei ikkje der den oppgåva vaksen å meistre pietisma, endå me hadde ein barnekjær rektor og ein dugande norsklærer, som bae hadde sin visse plass i kyrkja om sundagane og let halde andakt på skulen. Gode konservative kristne kyrkjemenn av den gamle skulen. Eg vart glad i Wergeland og fann Horats morosam og forvitneleg. Men korleis kunne ein halde på med slikt, som «ikkje hørde Jesus til», når alt me gjorde skulle gjerast i hans namn?

Or denne naud vart eg til slutt hjelpt av Christopher Bruun, og fann såleis omveges fram til Grundtvig sin djupe livssyntes: «Gud og heimen!» Og då eg hadde funne dit, sa eg i hjartans gleda og djupe andedrag: «Å Herre *her* er godt å vera!» For i heimen samlar seg heilt naturleg *alt* vårt kulturliv, i samliv med vår ætt og folk gjennom tusen år. Og heimen under Guds velsigning vart såleis mitt livs løsen og program. Såleis kom eg til folkehøgskulen.

I indremisjonen hørde eg då ikkje heime. Og eg har aldri kunna med å nemne Kristi namn og samstundes vera «klok politkar» som snudde kappa etter vinden for å koma seg fram her i verda. For Guds andlet gjeld då berre sanning av innste hjarta, er så me vil få Hans levande signing og glede i Heilaganden.

Eg måtte såleis sjå meg om etter ein stad me kunne finnast me som hadde det slik. Der var eit tomrom i så måte i Tromsø,

og det var eit levande sagn. «Det var ikkje «missjon» eg ville, men ei tenest for Gud og heimen vår. *Fedrelandselsk var meg religion!*

For å fylle dette tomromet gjekk eg då saman med den gode guten kaptein Sverre Klouman. Det beid ikkje nei i *hans* munn, når ein bad om noko slikt. Og så gjekk me to ihop og reiste «Kaffistova åt Bondeungdomslaget» i Tromsø. Og Vårherre var slik attåt, at då året var gjenge, hadde me alt kvitta oss for bankgjelda og ansvaret vårt.

Men i reglane for Kaffistova sette me som første paragrafen, at Kaffistova skulle vera sjølvvegande, og at ingen fekk tene eitt øre på ho for seg sjølv. For det finst ikkje verre til, enn slik som mammonstråen svinar til og øydelegg dei beste hjartereina-ste ting.

Meininga var dessutan den, at det overskot stova fekk, skulle brukast til å stø Trondarnes folkehøgskule. Så mykje de veit det, og ikkje gløymer det karar, og kvende med! I ein slik ting må ein ikkje vera knuslet, eller lokalpatriotisk. Høyrer de det?

Men i samkomene våre i stova song me or Seips Visebok. Og no har Vårherre til slutt late meg få syte for at ho framleis skal vera å få i bokhandelen. For ho er *heilag*, runne or den vene barnetruande Seip Silkeskjegg sitt hjarteblod. Ei gåve, ein skjenk til de tusen heimane, utan at han sjølv har vilja tent ei øre på ho. Akkurat som me i Kaffistova og gjer det. Endå forlaget tente grunnkapitalen sin på ho for å reise «Aschehougs Forlag», det første ordentlege bokforlaget, som har løyst oss or dansk trelldom. Dei sa meg det sjølv, så eg diktar ikkje. Og på same viset skal Kaffistova vår gjera gagns norsk arbeid. Men Seips Visebok lyt de framleis nytte i samkomene der. Høyrer de gitar?

Har de «Årelden» som vart laga til samkomene våre ein gong, så gjer meg den ære å syngje han. For når eg no med min ugløymande ven Klouman vert hengd av Dykk, så vert eg vel og snart gravlagd. Kor likesæl eg skal vera med det, når Vårherre så vil. «Tag det sorte kors fra graven, plant en lilje hvor det stod!» Eg ottast korkje helvetet eller dauden.

For fer me med «Gud og heimen» så fer me vel, kor me
so fer.

Ja Guds signing då over verket !

Heil og sæl frendar !

Dykkar bestefar

H. Devold.